



Vladimir Neagu
Hagellia 19
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8672 - 22/92262

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2022

Adresseendring og adressedeling Hagellia 19A,B GBNR 185/125

Administrativt vedtak: Saknr: 1372/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressedeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
185/125	H0101 (B)	Hagellia 19	Hagellia 19A
185/125	U0101 (B)	Ingen	Hagellia 19B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Kommunen har vorte kjent med at denne bustaden er godkjent og bygd som bygningstype 112-einebustad med utleigeeining, men er registrert som bygningstype 111-einebustad, med berre 1 bueining. Alle bueiningar skal vera registrert i matrikkelen, og ha tildelt eiga offisiell adresse.

Vurdering

Det er sendt ut brev 10.11.22 i sak 22/8172, med melding om endring av bygningstype og registrering av hybel i underetasjen. Det vart også informert om adresseendringa. Bygningstypen er endra til 112 einebustad med hybel/sokkelleilighet, då dette er rett bygningstype etter føringsinstruks for matrikkelen.

De sende e-post til kommunen 10.11.22, der de spurte om det var rett at de no får tildelt adressene Hagellia 19A og B, og hadde ikkje merknader til det.


Ut frå byggeteiknane vurderer me det slik at det er separate inngangsdører til desse bueningane, som då også skal ha tildelt kvar si adresse. Då det ikkje er ledige husnummer her, vert det nødvendig å bruka bokstavar i tillegg til husnummer. Ved bruk av bokstav skal alle adresser til aktuelt husnummer ha bokstav. Adressa Hagellia 19 vert difor omadressert til Hagellia 19A og utleigeining får adressa Hagellia 19B.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseending er difor utført. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hagellia.

Endringa er utført i matrikkelen og adresseendinga trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendinga frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendinga til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8672

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Daniela Nedzelschi
Vladimir Neagu

Hagellia 19
Hagellia 19

5914 Isdalstø
5914 Isdalstø